

Råd for eldre og funksjonshemma

Retningslinjer

Heimel

Eldrerådet i Gol kommune har med verknad frå 01.01.2008 fått utvida mandatet til å fungere som Gol kommunes **Råd for eldre og funksjonshemma**, jfr. vedtak i K – sak 1 – 07. Jfr. lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 8. november 1991, OT – prp. nr. 87, inst. O nr. 114, lov om råd eller anna representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for menneske med nedsett funksjonsevne, rettskraftig frå 01.01.2008. Gol kommunestyre vedtar rådets retningslinjer og samansetjing.

§ 1 Val og samansetjing

- Rådet for eldre og funksjonshemma i Gol har 5 medlem med personlege varamedlem
- Enkelpersonar, lag og organisasjonar skal få høve til å kome med framlegg på medlemmer.
- Før valperioden skal det kunngjerast med annonse at dei som er nemnt under kulepunkt 2 har høve til å kome med framlegg på medlemmer.
- I forslaget frå brukarorganisasjonane skal det gå fram kva slags organisasjonstilhørighet og hovedgruppering den enkelte representerer
- 4 medlemmer i rådet skal representere eldre og funksjonshemma, eit medlem skal representere Gol kommune.
- Råd for eldre og funksjonshemma blir vald av kommunestyret. Eit av medlemene med tilhøyrande personleg varamedlem er medlem eller 1. varamedlem i kommunestyret
- Råd for eldre og funksjonshemma skal sjølv velge leiar og nestleiar
- Vala skal gjelde for den kommunale valperioden

§ 2 Arbeidsområde

- Råd for eldre og funksjonshemma er eit rådgjevande organ som skal ha til handsaming alle saker som gjeld levkåra for eldre og funksjonshemma i kommunen,- dette gjeld saker som er nærare spesifisert i § 3. Rådet skal arbeide etter den politiske målsetjinga om full deltaking og likestilling for eldre og funksjonshemma i samfunnet
- Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som vedkjem eldre og funksjonshemma i kommunen
- Protokoll frå møta i rådet skal følge saksdokumenta til dei organ i kommunen som tar endeleg avgjerd i saka

§ 3 Saker der Råd for eldre og funksjonshemma har uttalerett

Desse sakene blir lagt fram for Råd for eldre og funksjonshemma til uttale **før** handsaming i sektorutval/formannskap/kommunestyre, jfr. Lover og forskrifter:

- Kommuneplan/kommunedelplan
- Økonomiplan
- Årsbudsjett
- Boligprogram
- Reguleringsplaner
- Samferdselssaker og kommunikasjonsplaner
- Saker som gjeld fysisk tilgjengelighet til off. bygningar og institusjonar m.m.
- Tiltak og planer i helse – og sosialsektoren og andre kommunale tiltak som i særleg grad vedkjem eldre og funksjonshemma

§ 4 **Møta i Råd for eldre og funksjonshemma**

- Råd for eldre og funksjonshemma skal ha møte når leiaren bestemmer eller minst to av medlemene krev det. Møta skal haldast for opne dører
- Råd for eldre og funksjonshemma blir innkalla skriftleg etter vedtatt møteplan, med ei veker varsel. Saksdokumenta skal sendast medlem, varamedlem og andre med møterett
- Råd for eldre og funksjonshemma er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Avgjerder blir tatt med simpelt fleirtal. Ved stemmelikhet er leiarens stemme avgjerande
- Det skal førast møteprotokoll som skal skrivast under av møteleiar. Utskrift av møteboka blir sendt til medlem, varamedlem og andre med møterett
- Saker som ikkje står på dagsorden kan ikkje tas opp til realitetsavgjerd dersom møteleiar eller minst 2 medlem set seg imot dette
- Offentlighetslova § 5 a og særlover regulerer forholdet til teieplikta

§ 5 **Sekretariatet**

Sekretariatet er lagt til rådmannen. Sekretariatet kan i samråd med leiar kalle inn andre ein ønsker å samrå seg med.

§ 6 **Sakshandsaming**

Ansvarleg sakshandsamar i den enkelte avdeling som førebur saker der eldre og funksjonshemmas interesser er aktuelt tema, jfr. § 3 i retningslinene, har ansvar for å melde slike saker opp til handsaming i Råd for eldre og funksjonshemma før saka går vidare i det politiske systemet.

§ 7 **Budsjett**

Råd for eldre og funksjonshemma disponerer eige budsjett. Tilvisingsmyndigheten ligg hos rådmannen.

Retningslinene er vedtatt i kommunestyresak 19/07